



MASFJORDEN KOMMUNE

Nordbygda barnehage

HØYRINGSUTTALE I HØVE NYTT PERSONALREGLEMENT FOR MASFJORDEN KOMMUNE.

Personalmøte i Nordbygda barnehage den 31.05.16 har fylgjande innspel i høve nytt personalreglement :

§ 3.4 Me ynskjer at dette punktet vert konkretisert - får ein berre fri om ein går heim etter nokre timar på jobb ? Kva ligg eigentleg i dette i praksis? Vert det ikkje registrert ?

§ 4.5.1 Svigerforeldre bør også stå oppført som nære

§ 4.5.2 Bør stå "kan bli gjeve fri" istadenfor "vert det gjeve fri"

§ 4.5.2 Svigerforeldre bør også stå oppført som nære

§ 4.5.4 Det bør være ulik praksis alt etter stillingsprosent. Under 80% bør leggst på fridagar.

§ 4.5.5 Bør gjelde for barn over 12 år òg. Både ved sjukdom og følge til tannlege, lege osv.

Barn på 12 år kan ikkje ligge aleine sjuke heime, eller reise aleine til tannlege, lege.

§ 4.5.6 Bør bruke feriedagar til bryllup

§ 4.5.7 Bør bruke feriedagar til husbygging/flytting

§ 4.6 **Dette meiner me er smålig av arbeidsgjevar å kome med framlegg om.** Mange av desse pkt er avgjerande for å halde seg i jobb (fysioterapi, kiropraktor). Kan føre til fleire sjukemeldingar om ein får trekk i løn for å gå til lege m.m. For dei som jobber 100% er det ikkje mulig å bytte dag.

Deltidstilsette kan legge desse timane til fridag.

§ 4.6.3 Mekling i samværsaker bør bli gitt permisjon med løn. Ta vare på arbeidstakar i krevjande livsfasar.

§ 4.7.3 Amming.

Bør være med legeerklæring, eller til barnet er 1 år

§ 5.4 Ein person , f.eks Laila på lønn, eller ein på personalkontoret, bør ha ansvaret for kortid dei ulike tilsette oppnår 10 år og 25 års tilsetjing. Melde til næraste leiar, og denne står for sjølve markeringa.

Barnehagen på Matre heiter Indre Masfjorden barnehage, ikkje Indrefjorden barnehage.

Nordbygda 01.06.16

Inger Marie Duesund
styrar

Felles kontoradresse: 5984 MATREDAL	Telefon: 56 16 61 30	Telefaks:	E-postadresse: indremasfjorden.bh@masfjorden.kommune.no
5986 HOSTELAND	56 16 64 00	56 16 64 01	nordbygda.bh@masfjorden.kommune.no
5981 MASFJORDNES	56 16 61 00	56 16 61 01	sandnes.bh@masfjorden.kommune.no